



45

Driftsresultat (153)

97

Resultat før skatt (182)

426

Kraftproduksjon GWh (382)

467

Omsetning (528)

300

Tilsette (258)

3 672

Totalkapital (3 449)

52

Eigenkapitalprosent (55)

Rekneskap per 1. halvår 2025

Rekneskapen per 1. halvår 2025 syner eit driftsresultat på 44,9 mill. kr (152,5) og eit resultat før skatt på 97,3 mill. kr (182,5). Omsetninga vart 467,2 mill. kr (527,8), totalkapitalen er 3 672,4 mill. kr (3 449,0) og eigenkapitalprosenten er 51,8 prosent (54,8). Netto finans syner eit resultat på 52,4 mill. kr (29,9). Tilsvarande tal per 1. halvår 2024 står i parentes.

Konsernet har ein reduksjon i driftsresultatet på 107,6 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2024. Lågare kraftprisar og lågare prisar på opphavsgarantiar gir stor nedgang i resultatet for kraftproduksjon. Forretningsområda IKT og installasjon har begge positiv resultatutvikling.

Netto finans viser 52,4 mill. kr (29,9) for konsernet ved utgangen av første halvår. Inntekta frå Linja er betydeleg høgare enn i fjor, som følgje av harmoniinntekt etter samanslåinga mellom Mørenett og Linja. Nedskriving på grunn av ny verdsetting ved sal av aksjar i Eviny Solutions påverkar finansresultatet negativt.

Skattekostnaden er estimert til 17,7 mill. kr (75,8). Det er estimert 2,1 mill. kr i overskotsskatt, og 15,6 mill. kr i grunnrenteskatt. Skattekostnaden utgjer om lag 18 prosent av konsernresultatet før skatt (42). Resultatet etter skatt er 79,6 mill. kr, som er 27,1 mill. kr lågare enn ved 1. halvår 2024.

Investeringar i varige driftsmiddel er på 102,4 mill. kr (68,4), fordelt på IKT med 56,7 mill. kr, kraftproduksjon med 27,9 mill. kr og installasjon med 17,8 mill. kr.

Totalkapitalen er 223,3 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i fjor. Bakgrunnen for auken er mellom anna resultatdel i Linja og goodwill i samband med kjøp av Proton Elektro og PC Support.

KRAFTPRODUKSJON

Akkumulert driftsresultat for kraftproduksjon er 26,2 mill. kr per 1. halvår (136,2).

Akkumulert kraftproduksjon er på 426,1 GWh (381,9). Produksjonen ved utgangen av halvåret er om lag 101,6 prosent (90,4) av normalproduksjonen for perioden. Akkumulert snittpris i prisområdet for Midt-Noreg (NO3) per 30. juni var 20,5 øre/kWh (47,1).

Kraftprisen for NO3 i første halvår var klart lågare enn tilsvarande periode i 2024. Spesielt i 2. kvartal fall prisen mykje. Det vart ein særskild snørrik vinter i Nord-Noreg og Nord-Sverige, og mot siste del av halvåret og inn i sommaren la dette eit stort press på prisane også i NO3. Kraftprisane i Europa er framleis svake grunna låg industriell aktivitet, og det bidreg til å dempe prisane i Skandinavia. I Tussa har vi klart stigande inntekter frå tilleggsmarknadene utover spotmarknaden. Medrekna handel i intradag og reservemarknadene, er total oppnådd kraftpris for første halvår 134,7 prosent av spot. NO3-prisen var låg gjennom sommaren.

IKT

Driftsresultatet for IKT er 20,4 (19,5) mill. kr for 1. halvår 2025.

Ved utgangen av 1. halvår vart det fakturert fiber til 17 570 hushaldningar og 1 324 bedrifter.

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av halvåret ein auke i ekstern omsetning på 11,3 mill. kr, noko som utgjør 13,1 prosent vekst frå same tid i 2024. Hovudårsaka til dette er oppkopling av kundar på fibernettet i Stryn, som gav auke i internett- og TV-abonnement til private og internett-abonnement til bedrifter.

Ved utgangen halvåret hadde forretningsområdet IT ein auke i den eksterne omsetninga på 35,7 mill. kr samanlikna med 1. halvår 2024. Dette gir ein vekst på 57,9 prosent. Hovudårsaka til dette er oppkjøp av PC Support og generell auke innanfor IT-tenester.

INSTALLASJON

Driftsresultatet for installasjon er 8,9 mill. kr (4,6).

Ved utgangen av halvåret hadde forretningsområdet ei omsetning på 135,3 mill. kr (107,4). Auken skuldast i stor grad fusjonen med Nordvest Elektro og kjøpet av Proton Elektro.

I marknadsområda som er knytt til større byggjeprojekt er konkurransesituasjonen hard. Innanfor servicemarknaden er det god aktivitet, både mot næringskundar og privatkundar. Vi opplever at det er låg aktivitet i prosjektmarknaden i 2025, men marknadsutsiktene for 2026 vurderer vi som betre.

UTSIKTER FOR 2025

Den akkumulert snittprisen i NO3 per 30. juni var 20,5 øre/kWh (47,1) og det var spesielt låge prisar i juni, juli og august. Utsiktene for resten av året er betre, då auka utvekslingskapasitet over Sognefjorden vil gi oss betre kopling mot prisområda sørover i Noreg (NO1, NO2 og NO5), når linja kjem i drift i oktober. Vi har framleis stort hydrologisk overskot i Midt- og Nord-Noreg, og korleis veret vert utover hausten vil avgjere om dette gir større tilbod enn etterspurnad i regionen vår. Det er stigande prognosar for kraftprisen utover hausten, med ei forventning om om lag 50 øre/kWh i slutten av året.

Prognosane for IT, kommunikasjon og installasjon er positive og saman med eit forventa sterkt resultat frå Linja ligg vi an til ei styrking av resultatet siste halvår.

I år ser vi at Tussa sin strategi om å ha fleire bein å stå på bidreg til å stabilisere resultatet i ei tid med sterkt svingande energiprisar.

Resultat og balanse

Tal i tusen kr

Tussa Konsern

Resultat	1. halvår 2025	1. halvår 2024
Salsinntekt	319 232	250 148
Energisal	143 490	272 950
Anna driftsinntekt	4 478	4 697
Sum driftsinntekter	467 199	527 795
Varekostnad	99 198	77 864
Energikjøp og overføringskostnad	31 103	51 162
Lønskostnad	147 400	115 474
Anna driftskostnad	68 232	64 021
Sum driftskostnader	345 933	308 521
EBITDA	121 266	219 274
Avskrivning/Nedskrivning	76 360	66 727
Driftsresultat (EBIT)	44 906	152 547
Anna finansinntekt	109 852	70 795
Anna finanskostnad	57 474	40 862
Resultat av finansposter	52 378	29 933
Ordinært resultat før skattekostnad	97 284	182 480
Skattekostnad på ordinært resultat	17 711	75 776
Årsresultat	79 573	106 704

Balanse	1. halvår 2025	1. halvår 2024
Anleggsmidler	3 470 656	3 269 652
Omløpsmidlar	201 695	179 364
Sum Eignedelar	3 672 351	3 449 016
Eigenkapital	1 900 447	888 788
Avsetning for forpliktingar	162 808	170 618
Langsiktig gjeld	1 424 324	1 166 440
Kortsiktig gjeld	184 772	223 170
SUM EK/GJELD	3 672 351	3 449 016

Segment	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2025	2024	2025	2024	2025	2024	2025	2024
Kraftproduksjon	150 050	276 825	52 713	163 476	26 209	136 219	20 701	127 990
IKT	201 266	153 741	60 951	52 123	20 366	19 532	11 656	12 058
Installasjon	135 283	107 372	13 902	7 306	8 905	4 608	6 955	3 551
Andre	21 625	20 155	-6 299	-3 631	-6 679	-3 918	61 867	42 775
Eliminering	-41 025	-30 297	-	-	-3 894	-3 894	-3 894	-3 894
Totalsum	467 199	527 795	121 266	219 274	44 907	152 547	97 284	182 480